



FN-fråsegna om rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder

Innhald

Bakgrunn (av OR)	2
Om omsetjinga (av OR)	3
Fråsegna	4
innleiing	4
Artikkel 1 (Definisjon av bonde)	6
Artikkel 2 (Statlege plikter overfor bønder)	7
Artikkel 3 (Menneskerettar)	8
Artikkel 4 (Kvinner på landsbygda)	8
Artikkel 5 (Tilgang til og bruk av naturressursar)	9
Artikkel 6 (Fridom)	9
Artikkel 7 (Rett til å bli aksepterte og til å reise)	9
Artikkel 8 (Ytrings- og organisasjonsrett)	10
Artikkel 9 (Rett til samvirke)	10
Artikkel 10 (Rett til politisk arbeid)	11
Artikkel 11 (Informasjonsspreiing og innverknad)	11
Artikkel 12 (Retts hjelp og språk)	11
Artikkel 13 (Rett til arbeid og til å hindre barnearbeid)	12
Artikkel 14 (Rett til helsevern og tilsyn)	12
Artikkel 15 (Rett til mat)	13
Artikkel 16 (Rett til å selje landbruksprodukt)	14
Artikkel 17 (Vern av jord, skog og bustader)	15
Artikkel 18 (Rett til gode miljø)	16
Artikkel 19 (Rett til såfrø og anna biologisk materiale)	16
Artikkel 20 (Rett til biologisk mangfald)	17
Artikkel 21 (Drikkevatt, sanitæranlegg)	17
Artikkel 22 (Sosial tryggleik og forsikringar)	18
Artikkel 23 (Helsestell og forsikringar)	18
Artikkel 24 (Forbod mot tvangsflytting)	18
Artikkel 25 (Rett til landbruksopplæring)	19
Artikkel 26 (Rett til eigen kultur)	19
Artikkel 27 (Internasjonalt samarbeid)	19
Artikkel 28 (Menneskerettane er overordna)	19
Oversyn over stemmegiving i FN	20

Bakgrunn

På mange måtar er landbruk og fiske globalt. Så å seie alle land importerer ein del av dei förvarene, dyre- og plantemedisinane og reiskapane dei brukar og landbruksmatvarene og fisken dei et. Dei fleste land eksporterer også noko av sin produksjon av mat og landbruksstilknytte varer. Om prisen til dømes på soya eller mais går opp fordi det det har vore uår eller etterspørselen av andre grunnar er større enn tilbodet, får det følgjer for alle land. Om landbruket i eitt land blir drive med store utslepp av klimagassar, får det følgjer for oss alle. Om smittsam sjukdom på planter eller dyr oppstår i eitt land, stoggar det vanlegvis ikkje ved grensa, men kan ramme mange land og bli verdsomfattande. Difor må også mange av løysingane vere globale.

FNs verdsfråsegn eller pakt om menneskerettar vart vedteken i 1948. Den gongen var berre 58 land med i FN. Ingen stemde mot, men 8 av dei avstod frå å stemme. Alle land som seinare har vorte med i FN, har slutta seg til fråsegna.

Mange spørsmål knytte til menneskerettar gjeld spesielt for bygder. Det gjeld vern av jord og andre naturressursar, rett til juridisk hjelp i slike spørsmål, til helsestell og skular i bygdene og høve til demokratisk innverknad for folk langt unna hovudstader og regionsentrum, for å nemne noko. I 2001 tok den internasjonale småbrukarorganisasjonen La Via Campesina, saman med andre organisasjonar, initiativ til ei eiga menneskerettsfråsegn for bønder og andre arbeidsfolk i bygder innanfor Verdsfråsegna om menneskerettar, slik at bygdefolks rettार blir meir utførleg behandla. I åra etter har LVC arbeidd iherdig for å få dette realisert.

19. november 2018 burde bønder verda over ha heisa flagg. Den dagen vedtok tredje komité i generalforsamlinga i FN, komiteen for sosiale, kulturelle og menneskerettslege spørsmål, fråsegn nummer *A/C.3/73/L.39 Om rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder*. 119 statar stemde for, 7 stemde mot og 49 avstod frå å stemme. Bak i dette notatet er ein tabell over stemmegivinga til ulike land. I desember 2018 slutta generalforsamlinga i FN seg til vedtaket.

Fråsegna om rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder er utforma om lag på same måten som Verdsfråsegna om menneskerettar. Ho har 28 artiklar, medan menneskerettsfråsegna har 30. Ho er, liksom menneskerettsfråsegna, ei intensjonsfråsegn, som ikkje i seg sjølv er rettsleg bindande for kvart enkelt land. Men dei som sluttar seg til fråsegna, forpliktar seg til å arbeide for å realisere måla i ho.

At fråsegna er vedteken, er eit stort framsteg for verdas meir enn 1,2 milliardar bønder, fiskarar, beitebrukarar, arbeidsfolk i landbruket og deira familiar. Det gir oss global aksept. Me er ikkje, som mange hevdar i vår del av verda, yrkesgrupper på veg ut, men i staden yrkesgrupper med framtid og med rett til å kjempe for våre interesser.

At FN har vedteke fråsegna, inneber likevel ikkje på noko vis at arbeidet for fulle rettar for bønder og andre arbeidsfolk i bygder er over. La Via Campesina og småbrukarorganisasjonar i mange land har det siste året arbeidd aktivt for å gjere mest mogeleg av fråsegna til nasjonal politikk og nasjonalt lovverk i land der dei har organisasjonar, og dette arbeidet må halde fram. Men fråsegna gjer at arbeidet truleg vil gå vesentleg lettare i åra framom oss.

Om også me småbrukarar i Norge burde ha heist flagga, hadde det likevel vore med ein bismak. For Norge var blant dei 49 landa som avstod frå å stemme. 7 land stemde imot. Liste over stemmegivinga frå ulike land finst til slutt i dette dokumentet. For oss frå land som ikkje stemde eller stemde imot (som USA, Sverige og Israel) må arbeidet drivast med veikare målsetjingar i første omgang. Ei første oppgåve for oss må vere å få egne styresmakter over på andre tankar og slutte seg til fråsegna i ettertid.

Om omsetjinga

Statsapparatet burde ha laga ei autorisert omsetjing av fråsegna, men det har ikkje skjedd. Difor kom Internasjonalt utval i NBS til at me sjølve må gjere dokumentet tilgjengeleg for norske lesarar.

Utgangspunktet har vore den engelske teksten, som er å finne på FNs nettsider. Det er det einaste av FNs seks offisielle språk som eg meistrar så nokolunde. Dei andre fem er fransk, russisk, spansk, arabisk og kinesisk (mandarin). Det følgjande er heller ikkje ei grundig og gjennomarbeidd omsetjing. Eg er ikkje profesjonell omsetjar, og eg har hatt mindre tid til rådvelde enn ønskeleg. Det kan vere ting eg har misforstått eller oversett, og det er formuleringar som burde vere annleis. Så ved bruk av enkeltformuleringar eller -artiklar oppmodar eg brukaren om å sjekke teksten slik den er formulert på eit av dei seks FN-språka.

For det engelske ordet peasant har eg brukt bonde. Eg kunne ha brukt småbonde eller småbrukar, men synest det avgrensar for mykje. Eg kunne også ha brukt heiltids- eller deltidssonde, men det blir for omstendeleg. Difor ber eg lesaren ta omsyn til at det ligg ei noko sterkare avgrensing av yrkesgruppa i ordet peasant enn i vårt bonde. Artikkel 1 i fråsegna definerer nøyare kva for menneske fråsegna gjeld.

Språket i den engelske teksten er også byråkratspråk, ofte med tungvinte formuleringar, tettepakka tekst, lange avsnitt og mykje oppattakingar. Eg har gjort relativt lite for å unngå dette. Unntaket er at eg har sett inn stutte orienteringar i overskriftene til kvar artikkel om kva han handlar om. Desse finst altså ikkje i originaldokumentet.

Eg har ikkje teke med referansane til andre dokument. Stordelen av desse dokumenta finst berre på FNs offisielle språk, slik at den som skal leite i referansane, må meistre eit av desse språka og kan finne notane på det språket.

FN-fråsegna om rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder

Generalforsamlinga i FN kunngjer følgjande, der me legg til grunn prinsippa i FN-pakta, som anerkjenner verdigheita og verdien og dei like store og umisselege rettane til alle medlemmer av menneskeheita som grunnlaget for fridom, rettferd og fred i verda, der me tek omsyn til prinsippa som er uttrykte i Den universelle menneskerettsfråsegna, Den internasjonale konvensjonen for fjerning av alle former for rasediskriminering, Den internasjonale overenskomsten om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, Den internasjonale overenskomsten om å utrydde alle former for diskriminering av kvinner, Overenskomsten om barns rettar, Den internasjonale overenskomsten om vern av rettane til alle migrantarbeidarar og deira familiar, relevante overenskomstar vedtekne av den internasjonale arbeidrarorganisasjonen og andre relevante internasjonale avtalar som har vorte vedtekne på universelt eller regionalt nivå, der me vidare legg til grunn Fråsegna om retten til utvikling og at dette er ein urokkeleg menneskerett som alle individ og alle folkegrupper skal ha, dei skal kunne bidra til og nyte godt av økonomisk, sosial, kulturell og politisk utvikling der alle menneskerettar og grunnleggjande fridommar kan bli realiserte fullt ut, basert også på FN-fråsegna om rettane til innfødde folk, og vidare på at alle menneskerettar er universelle, udelelege, knytte til kvarandre, avhengige av kvarandre og gjensidig styrkar kvarandre og må oppfattast på ein rettvis og lik måte, med det same grunnlaget og den same vekt, og legg vekt på at fremjing og vern av éi gruppe rettar aldri skal kunne stå i vege for at statane fremjar og vernar andre rettar, der me tek omsyn til dei spesielle og gjensidige banda mellom bønder og andre arbeidsfolk i bygder, og til jorda, vatnet og naturen dei er knytte til og som dei er avhengige av for å skaffe seg levebrød, der me vidare tek omsyn også til dei bidraga bønder og andre arbeidsfolk i bygder i landområde i alle delar av verda yter i fortid, notid og framtid for å ta vare på og betre biologisk mangfald, som utgjer grunnlaget for mat og landbruksproduksjon verda over, og deira bidrag til å sikre retten til tilstrekkeleg mat og mattryggleik, som er grunnleggjande for å oppnå dei måla det internasjonale samfunnet har vorte samde om, såleis 2030-agendaen for berekraftig utvikling.

Uroa over at bønder og andre arbeidsfolk i bygder meir enn andre er ramma av fattigdom, svolt og feilernæring, uroa også over at bønder og andre arbeidsfolk i bygder er ramma av borene som miljøødeleggingar og klimaendringar påfører oss, og vidare uroa over at bønder verda over blir eldre og at ungdom i aukande grad flytter til urbane område og vender ryggen til landbruk fordi dei ikkje får økonomisk hjelp og på grunn av monotont arbeid i bygdene, og med forståing for behovet for å betre det økonomiske mangfaldet i bygdene og byggje framtidshøve for dei som ikkje vil bli bønder, særleg for ungdom på landsbygda, alarmert av at talet på bønder og an-

dre arbeidsfolk i bygder, og som blir tvangsflytte eller omplasserte, aukar år for år, og også alarmert av det høge omfanget av sjølv mord blant bønder i mange land, med vekt på at bondekvinner og andre kvinner spelar ei sentral rolle for at familiane skal overleve og såleis bidreg mykje til økonomien både på landsbygda og i statane, også gjennom deira arbeid i ubetalte delar av økonomien, men ofte likevel blir hindra frå å forpakte eller eige jord, ikkje får same tilgangen som menn til jord, andre produksjonsressursar, finanstester, informasjon, arbeid og sosialhjelp, og ofte blir ramma av vald og diskriminering i ulike former, vidare med vekt på kor viktig det er å fremje og verne rettane til barn på landsbygda, også gjennom utrydding av fattigdom, svolt og feilernæring, fremjing av kvalitetsutdanning og helse, vern mot å bli utsett for kjemikal og skadeleg avfall, og avvikling av barnearbeid i samsvar med relevante menneskerettar, vidare med innsikt i at ulike forhold gjer det vanskeleg for bønder og andre arbeidsfolk i bygder, også småskala-fiskarar og fiskeriarbeidarar, pastoralistar, skogbrukarar og deira lokalsamfunn, å bli høyrde, å forsvare sine menneskerettar og eigedomsrettar og å sikre berekraftig bruk av naturressursane dei er avhengige av, med innsikt i at bygdefolk i aukande grad blir utestengde frå tilgang til jord, vatn, såfrø og andre naturressursar, og med vekt på kor viktig det er å betre tilgangen til produksjonsressursar og investeringar i tilpassa bygdeutvikling, overttydde om at bønder og andre arbeidsfolk i bygder må få støtte når dei arbeider for å fremje og ta vare på berekraftige måtar å drive landbruk på, måtar som stør og er i harmoni med naturen, i mange land og regionar referert til som Moder jord, inkludert å respektere den biologiske og naturlege evna økosystem har til å verne og gjenskape seg gjennom naturlege prosessar og syklusar, med omsyn til dei hasardiøse og rovdriftsprega forholda som finst i mange delar av verda, der mange bønder og andre arbeidsfolk i bygder ofte blir nekta høve til å realisere sine fundamentale arbeidsrettar og korkje får lønn dei kan leve av eller sosialt vern, med vekt på at enkeltmenneske, grupper og institusjonar som fremjar og vernar menneskerettane til dei som arbeider på jorda og med naturressursar, ofte risikerer å bli utsette for ulike former for skremslar og for vald mot deira fysiske integritet, med kunnskapar om at bønder og andre arbeidsfolk i bygder ofte møter vanskar med å få tilgang til rettsstellet, til politiet, forsvararar og advokatar i den grad at dei ikkje er i stand til å skaffe seg rettshjelp frå vald, misbruk og utnytting, uroa over spekulasjon med matvarer, aukande konsentrasjon og ubalansert distribusjon av matsystem og dei ubalanserte maktrelasjonane langs verdikjedene, som svekkjer menneskerettane, med vekt på at rett til utvikling er ein uvurderleg menneskerett som alle menneske og folkeslag skal ha høve til å ta del i, bidra til og nytte godt av når det gjeld økonomisk, sosial, kulturell og politisk utvikling, der alle menneskerettar og grunnleggjande fridommar kan bli realiserte fullt ut, minner om at retten folkegrupper har til å utøve full og komplett suverenitet over alle sine naturrikkdommar og ressursar i samsvar med vedtekte avtalar om menneskerettar, legg til grunn at begrep-

et matsuverenitet har vorte brukt av mange land og regionar for å forme ut retten til å definere eigne mat- og landbrukssystem og retten til sunn og kulturelt tilpassa mat produsert på økologisk sunne og berekraftige metodar som respekterer menneskerettar, med vekt på at menneske har plikter i høve til andre menneske og til samfunnet han eller ho høyrer til, og har ansvar for å arbeide for å fremje og overhalde rettane som er uttrykte i denne fråsegna og i nasjonale lover, minner om kor viktig det er å respektere det kulturelle mangfaldet og å fremje toleranse, dialog og samarbeid, minner om dei mange konvensjonane og tilrådingane den internasjonale arbeidarorganisasjonen har vedteke om arbeidarvern og menneskeverdig arbeid, minner også om konvensjonen om biologisk mangfald og Nagoya-protokollen om tilgang til genetiske ressursar og rettferdig og lik deling av fordelane med bruk av dei i konvensjonen om biologisk mangfald, minner vidare om det omfattande arbeidet FN's organisasjon for mat og landbruk FAO og Komiteen for verdas mattryggleik gjer for retten til mat, retten til jord, tilgang til naturressursar og andre rettar for bønder, spesielt Den internasjonale avtalen om genetiske planteressursar for mat og landbruk, og organisasjonens rådgivande retningsliner for ansvarleg forvaltning av bruk av jord, fiskeri og skogar for å oppnå nasjonal mattryggleik, rådgivande retningsliner for å sikre berekraftig småskala fiske for å oppnå mattryggleik og utrydding av fattigdom, og dei rådgivande retningslinene for å støtte veksande realisering av retten til tilpassa mat innanfor nasjonal mattryggleik, minner om utfallet av Verdskonferansen for agrarreform og rural utvikling og Småbonde-charteret som vart vedteke der, der det vart lagt vekt på behovet for å utforme tilpassa nasjonale strategiar for agrarreformer og landsbygduitvikling og deira integrasjon med overordna nasjonale utviklingsstrategiar, med vekt på at denne fråsegna og relevante internasjonale avtalar skal støtte kvarande gjensidig for å fremje vern av menneskerettar, bestemt på å ta nye steg framover for å forplikte det internasjonale samfunnet til målsetjinga om å oppnå varig framgang når det gjeld arbeidet med menneskerettar og eit veksande og varig arbeid for internasjonalt samarbeid og solidaritet, overtydd om behovet for sterkare vern av menneskerettar for bønder og andre arbeidsfolk i bygder, og like eins om behovet for ei felles og samsvarande oppfatning og praktisering av eksisterande internasjonale menneskerettsnormer og standardar på dette området, kunngjer følgjande:

Artikkel 1 (Definisjon av bonde)

1. I denne fråsegna meinest med ein bonde (peasant) ein person som er selselsett, åleine eller saman med andre eller som del av eit samfunn, i småskala landbruksproduksjon for sjølvberging og/eller for marknaden, og som i stor grad, men ikkje nødvendigvis berre, er avhengig av familie- eller hushaldsarbeid eller andre, ikkje-betalte måtar å organisere arbeidet på, og som er avhengig av og har band til jorda. 2. Denne fråsegna vedkjem alle som er engasjerte i manuelt eller småskala landbruk, som har husdyr, som driv

nomadebasert landbruk, fiske, skogbruk, jakt eller sanking av mat, og handverk knytte til landbruk eller tilknytt verksemd i bygder. Fråsegna vedkjem også alle familiemedlemmer av bønder. 3. Denne fråsegna gjeld også urfolk og lokalsamfunn som arbeider med jord og har buskap som beiter, nomadebasert og halvt nomadebaserte samfunn, og dei jordlause som er engasjerte i aktivitetane nemnde i det føregåande. 4. Vidare vedkjem fråsegna innleigde arbeidarar, også alle migrantarbeidarar uavhengig av deira migrant-status, og sesongarbeidarar på plantasjar, gardsbruk, skogar og oppdrettsanlegg og i agroindustriell verksemd.

Artikkel 2 (Statlege plikter overfor bønder)

1. Statar skal respektere, verne og oppfylle rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder. Dei skal så snart som råd ta lovgivande, administrative og andre tenlege steg for at dei kan realisere fullt ut dei rettane i denne fråsegna som ikkje kan bli garanterte med ein gong. 2. Spesiell merksemd skal givast oppfølginga av denne dråsegna om rettane og spesielle behov for bønder og andre arbeidsfolk i bygder, også dei eldre, kvinnene, ungdommane, barna og menneske med handikapp, med sikte på å hindre ulike former for diskriminering. 3. Utan omsyn til spesiell lovgiving om urfolk, og før dei vedtek eller set i verk lover og politikk, internasjonale avtalar og andre avgjerdsprosessar som kan vedkome rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder, skal statane konsultere og samarbeide, tufta på gjensidig tillit, med bønder og andre arbeidsfolk i bygder, gjennom deira egne representative organ, involvere og søkje støtte frå bønder og andre arbeidsfolk i bygder som avgjerdene kan vedkome, og ta omsyn til deira innspel. I dette skal dei leggje vekt på om det finst ubalanse mellom ulike partar når det gjeld makt, og dei sikre aktiv, fri, effektiv, meiningsfull og informert deltaking frå enkeltpersonar og grupper som avgjerdsprosessen vedkjem. 4. Statar skal utdjupe, tolke og bruke relevante internasjonale avtalar og standardar som dei er med i, på ein måte som samsvarar med deira menneskerettsplikter for bønder og andre arbeidsfolk i bygder. 5. Statane skal gjere alle nødvendige tiltak for å sikre at ikkje-statlege aktørar som dei har høve til å påverke, såleis privatpersonar og organisasjonar, transnasjonale selskap og andre forretningsforetak, respekterer og styrkar rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder. 6. Statane skal, i det dei aksepterer kor viktig internasjonalt samarbeid er for å støtte nasjonale tiltak for å realisere formåla og tiltaka i denne fråsegna, gjere tenlege og effektive tiltak for realiseringa mellom og innanfor statane, og, når det er tenleg, saman med relevante internasjonale og regionale organisasjonar så vel som sivilsamfunnet og andre aktuelle samarbeidspartnarar. Særleg gjeld dette organisasjonar av bønder og andre arbeidsfolk i bygder. Slike tiltak skal omfatte (a) å sikre at relevant internasjonalt samarbeid, også internasjonale utviklingsprogram, er inkluderande, tilgjengeleg og tilrettelagd for bønder og andre arbeidsfolk i bygder; (b) tilrettelegging og støtte til kapasitetsbygging, også gjennom utveksling og

deling av informasjon, erfaringar, øvingsprogram og praksisar; (c) leggje til rette for samarbeid når det gjeld forskning og tilgang til vitenskapleg og teknisk kompetanse; (d) så langt råd er syte for teknisk og økonomisk hjelp som kan lette tilgangen til og delinga av tilgjengelege teknologiar, og fremje overføring av teknologiar, spesielt til utviklingsland, på vilkår dei gjensidig blir samde om, (e) betre funksjonen til marknader på mellomnasjonalt nivå og leggje til rette for tilgang til marknadsinformasjon, også når det gjeld matreservar, med det formålet å redusere ekstrem sårbarheit når det gjeld mattilgang, og like eins å svekkje lønsemda ved spekulasjon.

Artikkel 3 (Menneskerettar)

1. Bønder og andre menneske som arbeider i bygder, har rett til å nyte fullt ut alle menneskerettar og grunnleggjande fridommar som er anerkjende i FN-charteret, i Menneskerettsfråsegna og alle andre internasjonale menneskerettsinstrument, utan at dei på noko vis blir diskriminerte i utøvinga av rettane sine når det gjeld opphav, nasjonalitet, rase, hudfarge, kjønn, språk, kultur, sivilstand, eigedom, funksjonshemming, alder, politiske eller andre meiningar, religion, fødsel eller økonomisk, sosial eller annan status. 2. Bønder og andre menneske som arbeider i bygder, har rett til å avgjere og utvikle sine eigne prioriteringar og strategiar for å fremje eiga utvikling. 3. Statar skal ta nødvendige steg for å fjerne forhold som fører til eller er med på å fremje diskriminering, i alle dei kryssande former slikt kan ta, mot bønder og andre arbeidsfolk i bygder.

Artikkel 4 (Kvinner på landsbygda)

1. Statar skal vedta alle nødvendige tiltak for å bli kvitt alle former for diskriminering mot bondekvinner og andre kvinner som arbeider i bygder og å fremje deira høve til innverknad for å sikre at dei fullt ut og på likeverdig basis kan nytte alle menneskerettar og grunnleggjande fridommar og at dei fritt kan bruke, ta del i og dra nytte av økonomisk, sosial, politisk og kulturell utvikling i sine bygder, basert på likskap mellom menn og kvinner. 2. Statar skal sikre at bondekvinner og andre kvinner som arbeider i bygder, utan diskriminering skal kunne oppnå alle dei menneskerettar og grunnleggjande fridommar som er uttrykte i denne fråsegna og i andre internasjonale menneskerettsavtalar, såleis rettane til

- (a) å delta på lik linje og i like stor grad i utforming og gjennomføring av alle utviklingstiltak;
- (b) å ha lik tilgang til dei høgast tilgjengelege tilboda når det gjeld fysisk og psykisk helsevern, inkludert omsorgstilbod, informasjon, rådgiving og familieplanlegging;
- (c) å dra nytte av trygdeordningar;
- (d) å få tilbod om alle typar opplæring og utdanning, både formell og ikkje-formell, inkludert øving og opplæring knytt til funksjonell lesedugleik, og å dra nytte av alle samfunns- og opplæringstenester for å betre deira

tekniske dugleik;

(e) å organisere sjølvhjelpsgrupper, foreiningar og samvirketiltak for å oppnå lik tilgang til økonomiske aktivitetar og sjølvsysselsetjing;

(f) å delta i alle samfunnsaktivitetar;

(g) å ha lik tilgang til finanstenester, landbrukskreditt og -lån, til marknadsføring og til tenleg teknologi;

(h) å ha lik tilgang til, bruk av og forvaltning av jord og naturressursar, og til å bli likt eller prioritert behandla når det gjeld jord og landbruksreformer og bureisingsplanar;

(i) å ha lik tilgang til anstendig arbeid, lik godtgjering og dei same arbeidarrrettane, og ha tilgang til aktivitetar som gir inntekter;

(j) å sleppe unna alle former for vald.

Artikkel 5 (Tilgang til og bruk av naturressursar)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til tilgang til og berekraftig bruk av dei naturressursane som finst i deira samfunn og som er nødvendige å bruke for å få gode levevilkår, i samsvar med artikkel 28 i denne fråsegna. Dei har også rett til å delta i forvaltninga av desse ressursane. 2. Statar skal setje i verk tiltak for å sikre at all bruk av naturressursar som bønder og andre arbeidsfolk i landsbygder gjennom tradisjon står for eller forvaltar, er basert på, men ikkje avgrensa til (a) grundig gjennomførte vurderingar når det gjeld sosiale og miljømessige konsekvensar, (b) seriøse vurderingar i samsvar med artikkel 2 (3) i denne fråsegna, (c) metodar for rettvís og fornuftig deling av verdiane ved slik utnytting basert på gjensidig avtala vilkår mellom dei som utnyttar naturressursane og bøndene og andre menneske som arbeider i områda.

Artikkel 6 (Fridom)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til liv, fysisk og mental integritet, fridom og tryggleik. 2. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder skal ikkje bli utsette for vilkårlig arrestasjon eller forvaring, tortur eller anna rå, inhuman eller nedverdiggande behandling eller straff, og skal ikkje bli haldne i slaveri av noko slag.

Artikkel 7 (Rett til å bli aksepterte og til å reise)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å bli aksepterte over alt som individ i høve til lovverket. 2. Statar skal innføre nødvendige tiltak for å lette fridommen til å reise for bønder og andre arbeidsfolk i bygder. 3. Der det trengst, skal statar innføre nødvendige tiltak for å samarbeide med siktemål å løyse drifts- og eigeidomsproblem som finst for bønder og andre menneske som arbeider i bygder, og som må krysse grenser mellom land, i samsvar med artikkel 28 i denne fråsegna.

Artikkel 8 (Ytrings- og organisasjonsrett)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til frie tankar, truer, medvit,

religion, haldningar, ytringar og til fredelige samlingar. Dei har rett til å uttrykkje sine meiningar munnleg, skriftleg og på trykk, som kunstnarlege uttrykk eller gjennom andre medium som dei vel, på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. 2. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til, individuelt og/eller kollektivt og saman med andre eller som fellesskap å delta i fredelige aktivitetar mot krenking av menneskerettar og grunnleggjande fridommar. 3. Utøving av rettane som er sikra i denne artikkelen, inneber spesielle plikter og rettar. Det kan difor vere gjenstand for særlege restriksjonar, men desse skal berre vere slik som er sikra med lov og som er nødvendige (a) for at andre sine rettar eller omdømme skal bli respekterte, (b) for å sikre nasjonal tryggleik, eller offentleg orden eller for folks helse eller moral. 4. Statar skal innføre nødvendige tiltak for å sikre at kompetente styresmakter vernar alle, enkeltvis eller saman med andre, mot all vald, truugsmaal, represaliar, diskriminering etter lova og faktisk, press på eller anna vilkårleg handling som følgje av ein persons legitime utøving av eller forsvar for rettane som er omtala i denne fråsegna.

Artikkel 9 (Rett til samvirke)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å starte og å delta i organisasjonar, fagforeiningar, samvirkeorganisasjonar og alle andre organisasjonar eller foreiningar som dei ønskjer for å sikre egne interesser og for å handle i fellesskap. Slike organisasjonar skal vere uavhengige og frivillige og bli verande frie frå all innblanding, tvang og undertrykking. 2. Det må ikkje vere restriksjonar på utøving av denne retten bortsett frå dei som blir uttrykte i lov og er nødvendige i eit demokratisk samfunn på grunn av nasjonal tryggleik eller folks tryggleik, offentleg orden, vern av folkehelse eller moral eller vern av andre sine rettar og fridommar. 3. Statar skal ta i bruk effektive tiltak for å oppmode til å etablere organisasjonar for bønder og andre arbeidsfolk i bygder, såleis fagforeiningar, samvirketiltak og andre organisasjonar, dei skal leggje spesiell vekt på å fjerne hinder for at slike organisasjonar blir skipa og at dei får vekse og kan drive med tiltak innanfor lovverket. Dei skal motarbeide all lovmessig og administrativ diskriminering mot slike organisasjonar og deira medlemmer, og støtte dei i arbeidet med å sikre at produksjonsvilkår og prisar er rettvisse og stabile og ikkje krenkjer deira rett til verdigheit og til anstendig liv.

Artikkel 10 (Rett til politisk arbeid)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder skal ha rett til aktiv og fri deltaking, direkte eller gjennom representative organisasjonar, i førebuing og gjennomføring av politikk, program og prosjekt som kan påverke deira liv, jord og levebrød. 2. Statar skal fremje deltaking av bønder og andre arbeidsfolk i bygder, direkte og/eller gjennom deira representative organisasjonar, i avgjerdsprosessar som kan påverke deira liv, jord og levebrød. Dette omfattar å respektere skiping og vekst av sterke og uavhengige organisasjonar av bønder og andre arbeidsfolk i bygder og å fremje deira deltaking i utarbeid-

ding og iverksetjing av standardar for mattryggleik, arbeid og miljø som kan påverke dei.

Artikkel 11 (Informasjonsspreiing og innverknad)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å leite fram, få tilbod om, utvikle og spreie informasjon, medrekna informasjon om forhold som kan påverke produksjon, tilverking, marknadsføring og distribusjon av deira produkt. 2. Statar skal innføre tilstrekkelege ordningar for å sikre at bønder og andre arbeidsfolk i bygder har tilgang til relevant, transparent, tidsrett og tilstrekkeleg informasjon på eit språk, med ei form og på slike måtar at dei passar til deira kulturelle metodar, slik som å fremje deira innverknad og å sikre deira effektive deltaking i avgjerdsprosessar når det gjeld saker som kan påverke deira liv, land og levebrød. 3. Statar skal innføre tilstrekkelege ordningar for å fremje tilgang for bønder og andre arbeidsfolk i bygder til eit rettvist, upartisk og tilstrekkeleg evaluerings- og sertifiseringssystem for deira produkt på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå og å fremje deira deltaking i dette.

Artikkel 12 (Retts hjelp og språk)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til effektiv og ikkje-diskriminerande tilgang til rettvise, inkludert tilgang til rettferdige prosedyrar for løysing av usemjer og til effektive rettsmiddel når det gjeld alle brot på deira menneskerettar. I slike avgjerder skal det leggjast vekt på deira skikkar, tradisjonar, ordningar og legale system i samsvar med relevante plikter under internasjonal menneskerettslovgiving. 2. Statar skal sikre ikkje-diskriminerande tilgang gjennom upartiske og kompetente juridiske og administrative organ til tidsrette, rimelege og effektive verkemiddel for å løyse konflikter på det språket dei det gjeld, bruker, og skal sikre effektive og snarlege rettsmiddel, såleis retten til å anke, til tilbakeføring av det som måtte vere øydelagt, til erstatning, til kompensasjon og utbetring. 3. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til rettsleg assistanse. Statar skal sikre tilleggsordningar, inkludert retts hjelp for å hjelpe bønder og andre arbeidsfolk i bygder som elles ikkje ville ha hatt tilgang til administrative og juridiske tenester. 4. Statar skal vurdere tiltak for å styrkje relevante nasjonale institusjonar for fremjing og vern av menneskerettar, inkludert rettane som er omtala i denne fråsegna. 5. Statar skal sikre bønder og andre arbeidsfolk i bygder effektive ordningar for å forebyggje og få oppreising etter alle handlingar med siktemål å krenkje deira menneskerettar, drive dei vekk frå jorda og naturressursane eller ta frå dei det dei treng for underhald og integritet, tvinge dei vekk frå bustadene deira eller fortrenge innbyggjarane.

Artikkel 13 (Rett til arbeid og til å hindre barnearbeid)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til arbeid, som omfattar rett til å velje fritt den måten dei tener levebrødet på. 2. Barn av bønder og andre

arbeidsfolk i bygder har rett til vern frå alt arbeid som kan vere farleg eller kan kome i konflikt med deira utdanning, eller som kan vere risikabelt for deira helse eller fysiske, mentale, åndelege, moralske eller sosiale utvikling. 3. Statane skal bygge utviklande miljø med høve til arbeid for bønder og andre arbeidsfolk i bygder og for deira familiar, slik at dei får godtgjerjing som set dei i stand til ein tilstrekkeleg levestandard. 4. I statar med mykje fattigdom på landsbygda og når arbeidstilgang manglar i andre sektorar, skal statar setje i verk høvelege tiltak for å danne og fremje berekraftige matsystem som er tilstrekkeleg arbeidskrevjande til at dei kan bidra til å oppnå eit akseptabelt arbeidsomfang. 5. Statane skal, samtidig som dei tek omsyn til særtekka ved småbrukarlandbruket og småskala-fisket, overvake at arbeidarlovgevinga blir følgt med å sikre tilstrekkelege ressursar for at effektive inspektørar skal kunne arbeide på landsbygda, der det er nødvendig. 6. Ingen skal bli pålagd eller tvinga til å utføre arbeidsoppgåver som dei finn uakseptable eller skadelege, bli utsett for risikoen med å vere offer for menneskehandel eller bli halden i andre former for moderne slaveri. Statar skal, i samråd og samarbeid med bønder og andre arbeidsfolk i bygdene, setje i verk nødvendige tiltak for å verne innbyggjarane mot økonomisk utbytting, barnarbeid og alle former for moderne slaveri, slik som gjeldsbinding av kvinner, menn og barn, og tvangsarbeid. Dette gjeld også fiskarar og fiskeri-arbeidarar, skogsarbeidarar og sesong- og migrantarbeidarar.

Artikkel 14 (Rett til helsevern og tilsyn)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder, også om dei er mellombelse-, sesong- eller framandarbeidarar, har rett til å arbeide under trygge og helse-same arbeidsvilkår, til å delta i utforming og gjennomgang av helse-, miljø- og tryggingstiltak, til å velje HMS-representantar og delta i HMS-grupper, til å gjennomføre tiltak for å førebyggje, redusere og kontrollere farar av alle slag, til å ha tilgang til tilpassa og tilstrekkelege verneklede og anna verneutstyr og til tilpassa informasjon og øving i arbeidstryggleik, til å arbeide utan å bli utsette for vald og trakassering, også seksuell trakassering, til å melde frå om utrygge og usunne arbeidsforhold og til å fjerne seg frå risikosituasjonar i arbeidet når dei har grunn til å tru at det er ein snarleg og alvorleg risiko for tryggleik og helse, utan at dei skal bli ramma av arbeidsrelatert gjengjelding av noko slag. 2. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å nekte å bruke og å bli utsette for farlege stoff eller giftige kjemikal, også landbrukskjemikal og miljøgifter frå landbruk og industri. 3. Statar skal setje i verk nødvendige tiltak for å sikre gunstige, trygge og sunne arbeidsvilkår for bønder og andre arbeidsfolk i bygder, og dei skal spesielt peike ut eigne styringspersonar med ansvar og etablere ordningar for samordning på tvers av sektorane for å gjennomføre politikken og sikre at nasjonale lover og reguleringar blir handheva når det gjeld landbruk, agroindustri og fiske, innføre korrigeringstiltak og høvelege straffetiltak og etablere og støtte tilpassa og tilstrekkelege ordningar for inspeksjon på arbeidsplassar i bygdene. 4.

Statar skal gjere det som må til for å sikre (a) Førebygging av risiko for helse og tryggleik på grunn av teknisk utstyr, kjemikal og landbrukspraksis, også gjennom forbod og restriksjonar; (b) eit tilpassa system som anten er nasjonalt eller godkjent av kompetente styresmakter på anna vis, som utarbeider spesifikke kriterium for innføring, klassifisering, emballasje, distribusjon, merking og bruk av kjemikal i landbruk, og for forbod og restriksjonar der det trengst; (c) at dei som produserer, importerer, leverer, sel, overfører, lagrar eller fjernar kjemikal for landbruket, overheld nasjonale eller andre godkjende tryggleiks- og helsestandardar og sikrar tilstrekkeleg og tilpassa informasjon til brukarar på det offisielle språket eller språka i landet, og, når det blir etterspurt, til dei kompetente styresmaktene; (d) at det finst eit godt system for sikker innsamling, resirkulering og avhending av kjemisk avfall, utdaterte kjemikal og tomme behaldarar av kjemikal, slik at det er råd å unngå at dei blir nytta til andre formål og at me eliminerer eller minimerer risikoen for tryggleik og helse og for miljøet; (e) utvikling og drift av program for utdanning og kunnskapsspreiing om verknadene for helse og miljø av kjemikal som blir hyppig brukte på landsbygda, og om alternativ til desse.

Artikkel 15 (Rett til mat)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til tilstrekkeleg mat og den grunnleggjande retten til å vere fri frå svolt. Dette omfattar retten til å produsere mat og retten til tilstrekkeleg ernæring, som garanterer at dei kan få så god fysisk, emosjonell og intellektuell utvikling som råd. 2. Statar skal sikre at bønder og andre arbeidsfolk i bygder til alle tider får fysisk og økonomisk tilgang til tilstrekkeleg og tilpassa mat som er produsert og behandla berekraftig og rettvist, som respekterer deira kulturar, sikrar tilgang til mat for framtidige generasjonar og verdig liv for dei, individuelt og/eller som kollektiv, i samsvar med deira behov. 3. Statar skal setje i verk tenlege tiltak for å nedkjempe underernæring hos barn på landsbygda. Det omfattar også rammene for primære helsetenester gjennom blant anna bruk av lett tilgjengeleg teknologi og tilgang på tilstrekkeleg, næringsrik mat og å sikre at kvinner får tilstrekkeleg næring ved graviditet og amming. Statar skal også sikre at alle grupper i samfunnet, aller mest foreldre og barn, får informasjon, har tilgang til utdanning om ernæring og får støtte til bruk av grunnleggjande kunnskapar når det gjeld barneernæring og fordelane med brystmjølk. 4. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å bestemme sin eigen mat og sine eigne landbrukssystem, anerkjend av mange statar og regionar som rett til matsuverenitet. Dette omfattar retten til å delta i avgjerdsprosessar som gjeld mat og landbrukspolitikk og retten til sunn og tilpassa mat produsert på økologisk sunne og berekraftige metodar som respekterer deira kulturar. 5. Statar skal, saman med bønder og andre arbeidsfolk i bygder, utforme offentleg politikk på lokalt, nasjonalt, regionalt og internasjonalt nivå for å fremje og verne retten til tilpassa mat, mattryggleik og matsuverenitet og berekraftige og rettvise matproduksjonsordningar

som fremjar og vernar rettane som er uttrykte i denne fråsegnen. Statar skal innføre ordningar som sikrar samsvaret mellom deira landbruks-, økonomiske, sosiale og kulturelle politikk og utvikling og som realiserer rettane uttrykte i denne fråsegnen.

Artikkel 16 (Rett til å selje landbruksprodukt)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til ein akseptabel levestandard for seg og sine familiar og til at forholda blir lagde til rette for at dei skal få tilgang til produksjonsmiddel, reiskapar, teknisk hjelp, kreditt, forsikring og andre finansielle tenester, slik at dei kan oppnå dette. Dei har også rett til å engasjere seg fritt, åleine og/eller som grupper, saman med andre eller som samfunn, i tradisjonelle måtar å drive jordbruk, fiske, husdyrhald og skogbruk og til å utvikle fellesskapsbaserte handelsordningar. 2. Statar skal setje i verk tenlege tiltak for å favorisere tilgang for bønder og andre arbeidsfolk i bygder til transportmiddel og bearbeiding, tørkings- og lagringsutstyr som må til for å selje produkta på lokale, nasjonale og fleirnasjonale marknader til prisar som garanterer dei anstendig inntekt og levebrød. 3. Statar skal vedta nødvendige ordningar for å styrkje og støtte lokale, nasjonale og fleirnasjonale marknader på måtar som lettar og sikrar at bønder og andre arbeidsfolk i bygder har full og rettviss tilgang til og deltaking i desse marknadene for å selje produkta sine til prisar som gjer dei og familieane i stand til å ha ein akseptabel levestandard. 4. Statar skal vedta ordningar som sikrar at deira bygdeutvikling, landbruks-, miljø-, handels- og investeringspolitikk og -program bidreg effektivt til å verne og styrkje lokale yrkesval og til overgang til berekraftige måtar å drive landbruksproduksjon på. Statar skal stimulere berekraftig produksjon, inkludert agroøkologisk og organisk produksjon, der det er mogeleg, og lette direktasal frå bonde til forbrukar. 5. Statar skal vedta ordningar som styrkjer motstandskrafta til bønder og andre arbeidsfolk i bygder mot naturulykker og andre alvorlege hendingar som samanbrot av marknader. 6. Statar skal vedta nødvendige ordningar for å sikre rettvise lønner og lik godtgjering for arbeid til lik verdi, utan noka form for forskjellsbehandling.

Artikkel 17 (Vern av jord, skog og bustader)

Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til jord, individuelt og/eller kollektivt, i samsvar med artikkel 28 i denne fråsegnen. Det gjeld også rett til å ha tilgang til, kunne bruke på berekraftig vis og forvalte jord og førekomstar av vatn, kystområde, fiske, beitemarker og skogar i dei, til å oppnå tilfredsstillande levestandard, til å ha stader der dei kan bu i tryggleik, fred og vørndnad og til å utvikle eigne kulturar. 2. Statar skal vedta nødvendige ordningar for å fjerne og hindre alle former for diskriminering knytte til rett til jord, også slike som kjem av endringar i sivilstand, mangel på juridisk hjelp eller manglande tilgang til økonomiske ressursar. 3. Statar skal vedta nødvendige ordningar for å sikre juridisk aksept for rettar til bruk av jord,

også sedvanerettar som ikkje i dag blir sikra gjennom lovverket, og dei må leggje til grunn at det finst ulike modellar og system. Statar skal verne legitim bruk av jord og sikre at bønder og andre arbeidsfolk i bygder ikkje vilkårleg eller ulovleg blir drivne vekk eller at deira rettar på andre måtar blir tekne vekk eller krenkte. Statar skal anerkjenne og verne allmenningane i naturen og dei kollektive bruks- og forvaltningsmåtane som finst i desse. 4. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til vern mot tvinga og ulovleg fordriving frå jorda eller bustadene sine og like eins frå andre naturressursar som dei nyttar og som er nødvendige for å oppnå akseptable levevilkår. Statar skal innlemme vern mot fordriving i eiga lovgiving, og dette skal vere i samsvar med internasjonale menneskerettar og humanitær lovgiving. Statar skal forby tvinga og ulovleg utkastning, øydelegging av landbruksområde og konfiskasjon eller ekspropriasjon av jord og andre naturressursar, også som straffemetode og som verkemiddel eller metode i krig. 5. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder, som har vorte vilkårleg eller lovstridig fråtekne jorda si, har rett til, individuelt og/eller som grupper, saman med andre eller i eit samfunn, å vende attende til jorda dei har vorte fråtekne, også i tilfelle der naturkatastrofar og/eller væpna konflikter er årsaka, og til å få attende tilgangen til naturressursane som tidlegare vart nytta i deira arbeid og som er nødvendige for å oppnå akseptable levevilkår, når det er mogeleg, eller å få rettferdig og lovsikra kompensasjon der tilbakevending ikkje er mogeleg. 6. Der det er tenleg, skal statar gjennomføre tiltak for landbruksreformer for å lette folks rettferdige tilgang til jord og andre ressursar som er nødvendige for at bønder og andre arbeidsfolk i bygder skal ha akseptable levevilkår, og for å avgrense overdriven konsentrasjon og kontroll av jord. I dette skal det takast omsyn til jordas sosiale funksjon. Bønder utan jord, ungdommar, småskala fiskarar og andre arbeidsfolk i bygder skal ha prioritet når det gjeld tildeling av offentleg jord, fiskefelt og skogar. 7. Statane skal setje i verk tiltak for vern og berekraftig bruk av jord og andre naturressursar som dei sjølve nyttar, inkludert gjennom agroøkologi, og sikre vilkåra for vidareføring av biologiske og andre naturlege driftsmåtar og sylkular.

Artikkel 18 (Rett til gode miljø)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å ta vare på og verne miljøet og produksjonsevna til jorda og til ressursane dei bruker og forvaltar. 2. Statar skal gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre at bønder og andre arbeidsfolk i bygder utan diskriminering kan ha eit trygt, reint og sunt livsmiljø. 3. Statar skal overhalde sine respektive internasjonale plikter når det gjeld å motarbeide klimaendringar. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å bidra til utforming og iverksetjing av nasjonale og lokale tilpassingar til klimaendringar og utsleppsreduksjonar, også slike som byggjer på eigne driftsmåtar og tradisjonell kunnskap. 4. Statar skal gjennomføre effektive tiltak for å sikre at farlege materialar, stoff og avfall ikkje blir lagra eller avhenda på jord til bønder og andre arbeidsfolk i bygder, og dei skal

samarbeide for å motverke dei trugsmåla mot miljøskadar som har opphav i andre land. 5. Statar skal verne bønder og andre arbeidsfolk i bygder mot skade frå ikkje-statlege aktørar, også med å handheve miljølover som direkte eller indirekte vernar rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder.

Artikkel 19 (Rett til såfrø og anna biologisk materiale)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til såfrø, i samsvar med artikkel 28 i denne fråsegna, inkludert (a) rett til å verne tradisjonell kunnskap knytt til planters genetiske eigenskapar for mat og landbruk, (b) rett til på rettferdig vis å nyttiggjere seg fordelane som kan oppstå ved bruk av planters genetiske eigenskapar for mat og landbruk, (c) rett til å delta når avgjerder blir tekne i spørsmål knytte til vern og berekraftig bruk av planters genetiske eigenskapar for mat og landbruk, (d) rett til å berge, bruke, utveksle og selje eige gardsbasert såfrø og anna plantemateriale. 2. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å ta vare på, kontrollere, verne og utvikle eigne såfrø og tradisjonell kunnskap. 3. Statar skal setje i verk tiltak for å respektere, verne og oppfylle retten til såfrø for bønder og andre arbeidsfolk i bygder. 4. Statar skal sikre at såfrø av tilstrekkeleg kvalitet og i tilstrekkeleg mengde er tilgjengeleg for bøndene til dei tider det høver å så og til akseptable prisar. 5. Statar skal anerkjenne retten for bønder til å bruke anten eigne såfrø eller anna lokalt tilgjengeleg såfrø etter eige val og til å avgjere kva for avlingar og artar dei ønskjer å dyrke. 6. Statar skal setje i verk nødvendige tiltak for å sikre bøndene såfrøtilgang og fremje bruken av deira eige frø og agromangfald. 7. Statar skal setje i verk tenlege tiltak for å sikre at landbruksforskning og utvikling omfattar behova til bønder og andre arbeidsfolk i bygder og like eins sikre deira aktive deltaking når det gjeld kva som skal prioriterast og drivast forskings- og utviklingsarbeid på, og i dette ta omsyn til deira røynsler. Dei skal auke investeringane i forskning og utvikling av artar og såfrø som kan løyse behova for bønder og andre arbeidsfolk i bygder. 8. Statar skal sikre at rettane, behova og livsvilkåra til bønder og andre arbeidsfolk i bygder blir tekne omsyn til når det gjeld såfrøpolitikk, vern av plantevariasjon og andre immaterielle lover, sertifikasjonsordningar og lover for marknadsføring av såfrø.

Artikkel 20 (Rett til biologisk mangfald)

1. Statane skal, i samsvar med sine relevante internasjonale plikter, setje i verk tenlege tiltak for å hindre svekking av og sikre vern og berekraftig bruk av det biologiske mangfaldet, for å fremje og verne fullt ut rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder. 2. Statar skal setje i verk tenlege tiltak for å fremje og verne tradisjonell kunnskap, nyvinningar og praksisar til bønder og andre arbeidsfolk i bygder, inkludert tradisjonelle landbruks-, beitebaserte, skogbruks-, fiske-, husdyrbaserte og agroøkologiske driftsmåtar som er relevante for vern og berekraftig bruk av biologisk mangfald. 3. Statar skal førebyggje risiko for krenking av rettane til bønder og andre arbeidsfolk i

bygder som kjem frå utvikling, handtering, transport, utnytting, overføring eller frislepp av levande, modifiserte organismar.

Artikkel 21 (Drikkevatn, sanitæranlegg)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har menneskeretten til trygt og reint drikkevatn og til sanitæranlegg som er slik at dei kan nyte livet fullt ut og behalde alle menneskerettar og verdigheit som menneske. Desse rettane omfattar vassforsyningssystem og sanitæranlegg som har god kvalitet, som dei er i stand til å betale og som er fysisk tilgjengelege, ikkje-diskriminerande og aksepterte kulturelt og ubundne av kjønn. 2. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til vatn for personleg bruk og bruk i hushalda, for landbruk, fiske og husdyrhald og å sikre andre vassrelaterte arbeidsoppgåver, også vern, utbetring og berekraftig bruk av vasskjelder. Dei har rett til lik tilgang til vatn og vass-system og å unngå vilkårlege avbrot og forureining av vasskjeldene. 3. Statane skal respektere, verne og sikre tilgang til vatn, både i felles og samfunnsbaserte vass-system, slik at dette ikkje diskriminerer nokon, og dei skal setje i verk tiltak for å garantere rimeleg vatn for folks personlege bruk, familie- og produksjonsbaserte bruk, og like eins betra sanitære forhold, særleg for kvinner og jenter i bygder og for menneske som høyrer til vanskelegstilte eller marginaliserte grupper, slik som nomadiske beitebrukarar, arbeidarar på plantasjar, alle migrantar uavhengig av deira migrasjonsstatus og personar som bur i irregulære eller uformelle busetjingar. Statar skal fremje tilpassa og rimeleg teknologi, inkludert vatningsteknologi, teknologi for gjenbruk av reinsa avlaupsvatn og for å samle og lagre vatn. 4. Statar skal verne og restaurere økosystem som er viktige for vasstilgang, inkludert, fjell, skogar, våtmarker, elvar, grunnvassbasseng og innsjoar, frå overforbruk og forureining med skadelege stoff. Særleg gjeld det industriavlaup og konsentrerte mineral og kjemikal som fører til sakte eller rask forgifting. 5. Statar skal hindre tredjepartar frå å svekkje rettane til bønder og andre arbeidsfolk på bygder. Statar skal prioritere vatn for menneskes behov framfor andre behov og fremje ivaretaking, restaurering og berekraftig bruk.

Artikkel 22 (Sosial tryggleik og forsikringar)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til sosial tryggleik, inkludert sosial forsikring. 2. Statar skal, i samsvar med deira nasjonale situasjon, ta i bruk høvelege tiltak for å sikre at alle migrantarbeidarar i bygder skal kunne nyte godt av retten til sosial tryggleik. 3. Statar skal anerkjenne rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder har til sosial tryggleik, inkludert sosial forsikring, og i samsvar med deira nasjonale situasjon etablere eller oppretthalde minstenivå på sosiale vernetiltak, som omfattar grunnleggjande tryggleiksgarantiar. Garantiane skal sikre at alle, og livet gjennom, har tilgang til grunnleggjande helsevern og tryggleik for inntekt, som til saman sikrar effektiv tilgang til varer og tenester som blir oppfatta som nødvendige

på nasjonalt nivå. 4. Grunnleggjande sosiale tryggleiksgarantiar bør sikrast med lov. Like eins bør ordningar for upartiske, transparente, effektive, tilgjengelege og billige ankeprosedyrar fastsetjast på nasjonalt basis. Systema må vere på plass på ein slik måte at det sikrar at nasjonale rettsrammer blir overhaldne.

Artikkel 23 (Helsestell og forsikringar)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til den høgast tilgjengelege standarden for fysisk og psykisk helse. Dei har også rett til, utan noka form for diskriminering, alle sosiale tenester og helsetenester. 2. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å bruke og verne sine tradisjonelle medisinar og å nytte eigne helsepraksisar, inkludert tilgang til og vern av planter, dyr og mineral dei nyttar til medisinsk bruk. 3. Statar skal garantere tilgang til helsestell, varer og tenester i bygdene på ikkje-diskriminerande vis, særleg for menneske i sårbare situasjonar, tilgang til viktige medisinar, vaksinasjonar mot alvorlege infeksjonssjukdommar, til helsehjelp ved graviditet og fødsel, til informasjon om viktige helseproblem som kan ramme samfunnet, inkludert metodar for å hindre eller kontrollere dei, til helsevern for mødrer og barn, og til opplæring for helsearbeidarar, inkludert opplæring om helse og menneskerettar.

Artikkel 24 (Forbod mot tvangsflytting)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til gode bustader. Dei har rett til å oppretthalde trygge heimar og samfunn der dei kan leve i fred og med respekt, og rett til å ikkje bli diskriminerte i dette. 2 Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å bli verna mot å bli fjerna med makt frå heimane sine, mot trakassering og andre trugsmål. 3. Statar skal ikkje, vilkårleg eller urettvist, mellombels eller varig, flytte bønder eller andre arbeidsfolk i bygder mot deira vilje frå heimane eller jorda som dei bruker utan å skaffe eller tilby tilgang til eigna former for juridisk eller anna vern. Om flytting er uråd å unngå, må staten gi eller sikre rettvis kompensasjon for materielle og andre tap.

Artikkel 25 (Rett til landbruksopplæring)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til god opplæring tilpassa dei spesielle agroøkologiske, sosiokulturelle og økonomiske miljøforholda dei er å finne i. Tema som blir dekte i læreprogramma, skal omfatte, men ikkje vere avgrensa til, betring av produktivitet, marknadsføring og evne til å handsame sjukdommar, sjukdomsfremjande organismar, systemsjokk, verknader av kjemikal, klimaendringar og vêrrelaterte hendingar. 2 Alle barn av bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til skulegang i samsvar med deira kultur og med alle rettar i menneskerettsfråsegner. 3. Statar skal oppmode til rettvis og gjensidig kontakt mellom bønder og forskarar, som jordbrukskskular, deltaking i plantedyrking og stader for å behandle plante- og dyrehelse, slik at det blir lettare og raskare å løyse dei utfordringane bønder og andre arbeidsfolk i bygder står overfor. 4 Statar skal leggje vekt

på å gi opplæring, marknadsinformasjon og rådgivingstenester på gardsnivå.

Artikkel 26 (Rett til eigen kultur)

1. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til å dyrke sin eigen kultur og følge fritt si eiga kulturelle utvikling utan innblanding eller noka form for diskriminering. Dei har også rett til å oppretthalde, uttrykkje, kontrollere, verne og utvikle egne tradisjonar og lokal kunnskapar, når det gjeld til dømes levemåtar, produksjonsmetodar, teknologi, skikkar og tradisjonar. Ingen kan hevde ein kulturell rett til å krenkje menneskerettar som er garanterte i internasjonale lover eller å avgrense omfanget av desse rettane.

2. Bønder og andre arbeidsfolk i bygder har rett til, individuelt eller som grupper, i samarbeid med andre eller som samfunn, å uttrykkje lokale skikkar, språk, kultur, religionar, litteratur og kunst, i samsvar med internasjonale menneskerettsstandardar.

3. Statar skal respektere, og treffe tiltak for å anerkjenne og verne, rettane til bønder og andre arbeidsfolk i bygder som er knytte til deira tradisjonelle kunnskapar, og dei skal motarbeide diskriminering mot tradisjonell kunnskap, praksisar og teknologiar som bønder og andre arbeidsfolk i bygder har.

Artikkel 27 (Internasjonalt samarbeid)

1. FN-systemet med særorganisasjonar, fond og program, og andre fellesorganisasjonar mellom land, inkludert internasjonale og fleirnasjonale finansorganisasjonar, skal bidra til full realisering av denne fråsegna, også gjennom å ta i bruk, blant anna, utviklingshjelp og samarbeid. Det skal leggjast vekt på måtar og ordningar som sikrar deltaking frå bønder og andre arbeidsfolk i bygder når spørsmål som vedkjem dei, skal bli vurderte.

2. FN-systemet med særorganisasjonar, fond og program, og andre fellesorganisasjonar mellom land, inkludert internasjonale og fleirnasjonale finansorganisasjonar, skal fremje respekt for og full bruk av denne fråsegna og følge den opp på effektivt vis.

Artikkel 28 (Menneskerettane er overordna)

1. Ingen ting i denne fråsegna skal kunne tolkast slik at det forringar, svekkjer eller opphevar rettane bønder og andre arbeidsfolk i bygder eller urfolk har no eller kan oppnå i framtida.

2. Menneskerettane og dei grunnleggjande fridomane til alle, utan noka form for diskriminering, skal bli respekterte når det gjeld oppfølging av rettane som er uttrykte i denne fråsegna. Oppfølging av rettane i denne fråsegna kan berre avgrensast på måtar som er fastsette ved lov og som er i samsvar med internasjonale menneskerettsplikter. Slike eventuelle avgrensingar skal vere ikkje-diskriminerande og fremjast berre om dei er nødvendige for å sikre full anerkjenning og respekt for rettane og fridomane til andre og for å tilfredsstille rettferdige og uunngåelige krav i demokratiske samfunn.

CONFERENCE ROOM 1
Third Committee: 73rd session

Vote Name:

A/C.3/73/L.30

United Nations Declaration on the Rights of Peasants and Other People Working in Rural Areas

Yes

119


No

7

Abstain

49

Vote Time: 11/19/2018 3:59:53 PM



Y AFGHANISTAN	DOMINICA	A LIECHTENSTEIN	A SAN MARINO
A ALBANIA	Y DOMINICAN REPUBLIC	A LITHUANIA	A SAO TOME AND PRINCIPE
Y ALGERIA	Y ECUADOR	Y LUXEMBOURG	Y SAUDI ARABIA
A ANDORRA	Y EGYPT	Y MADAGASCAR	Y SENEGAL
Y ANGOLA	Y EL SALVADOR	Y MALAWI	Y SERBIA
Y ANTIGUA AND BARBUDA	Y EQUATORIAL GUINEA	Y MALAYSIA	Y SEYCHELLES
A ARGENTINA	Y ERITREA	Y MALDIVES	Y SIERRA LEONE
A ARMENIA	A ESTONIA	Y MALI	A SINGAPORE
N AUSTRALIA	ESWATINI	A MALTA	A SLOVAKIA V/C
A AUSTRIA	A ETHIOPIA	MARSHALL ISLANDS	A SLOVENIA
Y AZERBAIJAN	A FIJI	Y MAURITANIA	Y SOLOMON ISLANDS
Y BAHAMAS	A FINLAND	Y MAURITIUS	SOMALIA
Y BAHRAIN	A FRANCE	Y MEXICO	Y SOUTH AFRICA
Y BANGLADESH	Y GABON	MICRONESIA (FEDERATED STATES OF)	Y SOUTH SUDAN
Y BARBADOS	Y GAMBIA	Y MONACO	A SPAIN
Y BELARUS	A GEORGIA	Y MONGOLIA	Y SRI LANKA
A BELGIUM	A GERMANY	A MONTENEGRO	Y SUDAN
Y BELIZE	Y GHANA	Y MOROCCO	Y SURINAME
Y BENIN	A GREECE	Y MOZAMBIQUE	N SWEDEN
Y BHUTAN	Y GRENADA	Y MYANMAR	Y SWITZERLAND
Y BOLIVIA (PLURINATIONAL STATE OF)	A GUATEMALA V/C	Y NAMIBIA V/C	Y SYRIAN ARAB REPUBLIC
A BOSNIA AND HERZEGOVINA	Y GUINEA	NAURU	Y TAJIKISTAN
Y BOTSWANA	Y GUINEA-BISSAU	Y NEPAL	Y THAILAND
A BRAZIL	Y GUYANA	A NETHERLANDS	A THE FORMER YUGOSLAV REPUBLIC OF MACEDONIA
Y BRUNEI DARUSSALAM	Y HAITI	N NEW ZEALAND	Y TIMOR-LESTE
A BULGARIA	A HONDURAS	Y NICARAGUA	Y TOGO
BURKINA FASO	N HUNGARY	Y NIGER	TONGA
Y BURUNDI	A ICELAND	Y NIGERIA	Y TRINIDAD AND TOBAGO
CABO VERDE	Y INDIA	A NORWAY	Y TUNISIA
Y CAMBODIA	Y INDONESIA	Y OMAN	A TURKEY
CAMEROON	Y IRAN (ISLAMIC REPUBLIC OF)	Y PAKISTAN	TURKMENISTAN
A CANADA	Y IRAQ	A PALAU	TUVALU
Y CENTRAL AFRICAN REPUBLIC	A IRELAND	Y PANAMA	Y UGANDA
Y CHAD	N ISRAEL	Y PAPUA NEW GUINEA	A UKRAINE
Y CHILE	A ITALY	Y PARAGUAY	Y UNITED ARAB EMIRATES
Y CHINA	Y JAMAICA	Y PERU	N UNITED KINGDOM
A COLOMBIA	A JAPAN	Y PHILIPPINES	Y UNITED REPUBLIC OF TANZANIA
Y COMOROS	Y JORDAN	A POLAND	N UNITED STATES
CONGO	Y KAZAKHSTAN	Y PORTUGAL	Y URUGUAY
Y COSTA RICA	Y KENYA	Y QATAR	Y UZBEKISTAN
Y COTE D'IVOIRE	Y KIRIBATI	A REPUBLIC OF KOREA	VANUATU
A CROATIA	Y KUWAIT	Y REPUBLIC OF MOLDOVA	Y VENEZUELA
Y CUBA	KYRGYZSTAN	A ROMANIA	Y VIET NAM
A CYPRUS	Y LAO PEOPLE'S DEMOCRATIC REPUBLIC	A RUSSIAN FEDERATION	Y YEMEN
A CZECH REPUBLIC	A LATVIA	Y RWANDA	Y ZAMBIA
Y DEMOCRATIC PEOPLE'S REPUBLIC OF KOREA	Y LEBANON	Y SAINT KITTS AND NEVIS	Y ZIMBABWE
DEMOCRATIC REPUBLIC OF THE CONGO	LESOTHO	Y SAINT LUCIA	
A DENMARK	Y LIBERIA	Y SAINT VINCENT AND THE GRENADINES	
Y DJIBOUTI	Y LIBYA	Y SAMOA	